

Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Fylkesutvalsalen 3. etg., Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5
Dato: 08.04.2015
Tidspunkt: 12:00 – 15:35

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|----------------|-----------|---------------|
| Harald Norheim | Nestleiar | SAFO |
| Tore Svane | Medlem | FFO |
| Kjell Søvik | Medlem | FFO |
| Jostein Ljones | Medlem | SP |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|--------------------|----------|---------------|
| Ellinor Kreybu | Leiar | FRP |
| Neshe Lie | Medlem | H |
| Kjersti Edvardsdal | Medlem | FFO |

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Navn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
| | | |

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

| Navn | Stilling |
|-----------------------|-----------------------------------|
| Ingeborg Borgen Takle | Rådgjevar, organisasjonsavdelinga |

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off. |
|--------------------------|--|-------------------------|---------------|
| PS 11/15 | Godkjenning av møteinnkalling | | |
| PS 12/15 | Godkjenning av sakliste | | |
| PS 13/15 | Godkjenning av møtebok forrige møte | | |
| PS 14/15 | Referatsak (Meldingar) | | |
| RS 8/15 | Oversikt økonomi per 20.03.2015 | 2014/558 | |
| RS 9/15 | Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr mars | 2014/1527 | |
| RS 10/15 | Nordhordlandspakken - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne | 2014/558 | |
| RS 11/15 | Informasjonsskriv - Kommunenes og fylkeskommunenes ansvar og oppgaver for rådet for personer med nedsatt funksjonsevne | 2014/558 | |
| RS 12/15 | Melding om oppstart av arbeid med oversikt over folkehelsetilstanden i Hordaland - det fireårige oversiktsdokumentet og det løpende arbeidet | 2015/976 | |
| PS 15/15 | Årsmelding 2014 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne | 2014/558 | |
| PS 16/15 | Kompetanseheving om universell utforming i fylkeskommunen | 2014/558 | |
| PS 17/15 | Studietur til Danmark | 2014/558 | |
| PS 18/15 | Ymse | | |

PS 11/15 Godkjenning av møteinkalling

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.04.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteinkallinga.

PS 12/15 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.04.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente sakslista.

PS 13/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.04.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteprotokollen frå 04.02.2015.

PS 14/15 Referatsak (Meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.04.2015

Vedtak

RS 9/15 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 – per mars: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser at ein sak om Nye Voss gymnas – forprosjekt skal opp for opplæring- og helse, fylkesutvalet og fylkestinget frå 12.05.2015 og utover. Rådet meiner at dette er ein sak som skal leggjast fram for rådet for innspel før den går vidare til politisk handsaming. Rådet vil sende ein førespurnad til eigedomsavdelinga om å få ein orientering den 22. april, det vil seie i god tid før saka vert sendt til handsaming i opplæring- og helse.

Rådet merkar seg at kulturavdelinga har fleire ulike tilskot, for bygg, anlegg og aktivitetar. Det vart stilt spørsmål ved om det er nokre kriterier for deltaking for alle og universell utforming for å få slike tilskot, samt kva oppfølging som vert gjort for å sjå til at det verkeleg er til dømes deltaking for alle. Rådet vil be kulturavdelinga om å få ein orientering om tilskotsordningane og kriteria for desse, med fokus på deltaking for alle og universell utforming. Rådet ber om å få denne orienteringa 22. april, om det er mogleg, eller på rådsmøtet 6. mai.

RS 10/15 Nordhordlandspakken – førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: Førespurnaden er sendt, men det er ikkje motteke noko svar. Rådet ser at det kan ha ein samanheng med framdrifta i saka rundt Nordhordlandspakka, men understrekar at førespurnaden og hadde spørsmål på eit generelt grunnlag; kva vert gjort i andre bompakkar? Rådet vil purre på svar frå samferdselsavdelinga.

RS 11/15 Informasjonsskriv – Kommunenes og fylkeskommunenes ansvar og oppgaver for rådet for personer med nedsatt funksjonsevne: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne merkar seg at Bufdir etterlyser yngre medlemmar i rådet, og ønskjer å oppmøde brukarorganisasjonane om å fremje yngre kandidatar til verv. Rådet vil sende ut informasjonsskrivet som eit vedlegg til eit brev der brukarorganisasjonane vert oppmoda til å allereie nå finne aktuelle kandidatar til å sitte i rådet i neste periode.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek resten av referatsakane til vitande.

RS 8/15 Oversikt økonomi per 20.03.2015

RS 9/15 Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2015 - pr mars

RS 10/15 Nordhordlandspakken - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 11/15 Informasjonsskriv - Kommunenes og fylkeskommunenes ansvar og oppgaver for rådet for personer med nedsatt funksjonsevne

RS 12/15 Melding om oppstart av arbeid med oversikt over folkehelsetilstanden i Hordaland - det fireårige oversiktsdokumentet og det løpende arbeidet

PS 15/15 Årsmelding 2014 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skriv ferdig årsmeldinga i møtet og vedtek teksta slik den vert utarbeida. Administrasjonen får fullmakt til å ordne med lay-out.

Endeleg årsmelding 2015 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert sett opp som politisk sak til neste rådsmøte.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 04.02.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å utsette saka til neste møte. Arbeidsutvalet vert bedt om å jobbe med saka fram mot det, og at eit råutkast vert sendt ut til alle medlemane. Viktig å synleggjere prosessen ved synfaringar og dei konsekvensane det har for resultatet, og kva rådet har fokusert på i 2014.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.04.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sette ned ein arbeidsgruppe beståande av Harald Norheim, Kjell Søvik og Jostein Ljones som skal sende ut eit utkast til årsmelding til resten av rådet innan 22. april. Rådet vedtok at saka skal opp på nytt på rådsmøtet 06.05.2015, slik at den kan presenterast for fylkestinget i juni.

PS 16/15 Kompetanseheving om universell utforming i fylkeskommunen

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.04.2015

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er positive til ein slik kompetanseheving av fylkeskommunale tilsette, og er særstegnende nøgd med at målgruppa og inkluderer dei som er på driftsida. Rådet vil rå til at og personell som jobbar direkte med drift, som reingjering og tilsvarande, vert inkludert i ein slik kompetanseheving i tillegg til dei som allereie er nemnt.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok at dei ønskjer å samarbeide om eit slikt prosjekt og kan bidra på den økonomiske sida. Rådet bad om å få ein løypemelding om saka ved framtidige rådsmøter og ber administrasjonen konkretisere prosjektet med dato og tilsvarande.

PS 17/15 Studietur til Danmark

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.04.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å purre Danske Handicapforbundet og kontakte Camilla Ryhl for tips om gode prosjekt i København-området, samt sjå på moglegheiter for å få eit godt fagleg tilbod i London i etterkant av London 2012. Rådet vedtok å utsetje studieturen og ha den i samband med junimøtet.

PS 18/15 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 08.04.2015

Vedtak

NAV – Hjelpemiddelsentralen: Tore Svane tok opp ein utmaning ved reparasjon av høyreapparat der ein gjennom hjelpemiddelsentralen ofte var nøydd å vente i fleire månader, samtidig som det eksisterer eit kommersielt alternativ under avtala til NAV som ikkje vert informert om. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å vurdere saka dersom dei får ein formell førespurnad frå brukarorganisasjonen.

Kultur – RMNF: Administrasjonen informerte om eit arbeid som er satt i gang for å få på plass ein konferanse der rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan møte dei store kulturinstitusjonane for å kome fram til løysingar som kan opne kulturen for ein større gruppe. Det vart diskutert om rådet skulle ha ein person med i planlegginga, og det var ønskjeleg.